

Statens Pensjonskasse
Postboks 5364 Majorstua
0304 OSLO

Dykkar referanse

Vår referanse
200800341

Dato
12. februar 2008

STATSBUDSJETTET 2008 - TILDELINGSBREV

Det vert vist til Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 1 (2007-2008), jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008). Med bakgrunn i dette har Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) utarbeidd dette tildelingsbrevet som gir dei økonomiske rammene for Statens Pensjonskasse (SPK) i 2008 og fastlegg prioriteringar, resultatmål og krav til rapportering.

1. BUDSJETT OG FULLMAKTER

1.1 Budsjetttrammer 2008

1.1.1 *Rammer*

Utgifter:

Kap. 1541 Pensjonar av statskassen

(i 1000 kr)

| Post | Nemning | |
|------|---|--------|
| 01 | Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> | 23 800 |
| | Sum kap. 1541 | 23 800 |

Kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse*(i 1000 kr)*

| Post | Nemning | |
|------|---|-----------|
| 01 | Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> | 8 794 000 |
| 22 | Sluttoppgjer, <i>overslagsløyving</i> | 545 000 |
| 70 | For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> | 104 000 |
| | Sum kap. 1542 | 9 443 000 |

Kap. 1543 Arbeidsgivaravgift til folketrygda*(i 1000 kr)*

| Post | Nemning | |
|------|--|---------|
| 01 | Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> | 843 000 |
| 70 | For andre medlemmer i Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> | 9 000 |
| | Sum kap. 1543 | 852 000 |

Kap. 1544 Bustadlån for statstilsette*(i 1000 kr)*

| Post | Nemning | |
|------|------------------------------|-----------|
| 90 | Lån, <i>overslagsløyving</i> | 1 300 000 |
| | Sum kap. 1544 | 1 300 000 |

Kap. 1546 Yrkesskadeforsikring*(i 1000 kr)*

| Post | Nemning | |
|------|---|--------|
| 01 | Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> | 85 000 |
| | Sum kap. 1546 | 85 000 |

Kap. 1547 Gruppelivsforsikring*(i 1000 kr)*

| Post | Nemning | |
|------|---|--------|
| 01 | Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> | 84 000 |
| | Sum kap 1547 | 84 000 |

Kap. 2470 Statens Pensjonskasse*(i 1000 kr)*

| Post | Nemning | |
|------|---|-----------|
| 24.1 | Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i> | - 388 253 |
| 24.2 | Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> | 314 498 |
| 24.3 | Avskrivningar | 37 800 |
| 24.4 | Renter av staten sin kapital | |
| 24.5 | Til investeringsformål | 17 059 |
| 24.6 | Til reguleringsfond | |
| | Sum post 24, Driftsresultat | - 18 896 |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 50 361 |
| | Sum kap. 2470 | 31 465 |

Inntekter:

Kap. 4546 Yrkesskadeforsikring (i 1000 kr)

| Post | Nemning | |
|------|-----------------|---------|
| 01 | Premieinntekter | 116 000 |
| | Sum kap. 4546 | 116 000 |

Kap. 4547 Gruppelivsforsikring (i 1000 kr)

| Post | Nemning | |
|------|-----------------|--------|
| 01 | Premieinntekter | 43 000 |
| | Sum kap. 4547 | 43 000 |

Kap. 5470 Statens Pensjonskasse (i 1000 kr)

| Post | Nemning | |
|------|----------------------------------|--------|
| 30 | Avsetning til investeringsformål | 17 059 |
| | Sum kap. 5470 | 17 059 |

Kap. 5607 Renter av bustadlånsordninga for statstilsette (i 1000 kr)

| Post | Nemning | |
|------|--------------|---------|
| 80 | Renter | 772 000 |
| | Sum kap 5607 | 772 000 |

Det vert dessutan vist til at kap. 2470, post 24.3 Avskrivningar og post 24.4 Renter av staten sin kapital har tilsvarende motpostar på inntektskapitla kap. 5491 Avskrivning på staten sin kapital i staten si forretningsdrift og kap. 5603 Renter av staten sin kapital i staten si forretningsdrift, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) Finansdepartementet.

1.1.2 Administrative prisar i 2008

Driftsinntektene til SPK Forvaltningsbedrift er i hovudsak knytt til betaling for dei administrative tenestene som vert utførde for pensjonsordningar og andre produkt i SPK Forsikring der administrasjonen er lagt til SPK Forvaltningsbedrift. FAD fastset dei administrative prisane og nivå på lånegebyr m.v., på basis av dokumentasjon frå SPK og det ønskte servicenivået på dei ulike tenestene. For 2008 er dei administrative prisane gjennomsnittleg oppjusterte med 6,0 %. Prisauken er fastsett på bakgrunn av forventa lønns- og prisstiging (3,4 %), styrking av reinvesteringar relaterte til IKT-systema i verksemda (2,0 %), og auke som følgje av ein ekstraordinær auke i konsulentonorar (0,6 %).

Administrative prisar for 2008 går fram av vedlegg 2.

Eventuelle endringar i prisane kan gjerast i samband med budsjetthandsaminga. Prisane vil elles berre endrast i løpet av året dersom:

- FAD i løpet av året krev høgare servicenivå på visse tenester i høve til servicenivået i 2007. Prisendringar kan på grunnlag av opparbeidd erfaringsgrunnlag også verte vurderte ved endringsbehov knytt til prissetjing av nye tenester.
- Det vert innført endringar i lovverket som forenkler eller gjer sakshandsaminga meir komplisert.

- Det vert innført endringar i rammevilkåra.

1.1.3 Føresetnader for løyvingane

Dersom det i løpet av året oppstår uventa utgifter eller bortfall av inntekter i samband med drifta av SPK, skal desse normalt dekkjast ved omdisponeringar innanfor den gitte ramma.

SPK skal så tidleg som mogeleg varsle FAD om forhold som får konsekvensar for 2008-budsjettet. Om det vert fremja budsjettendringar i løpet av året, skal SPK klårgjere bakgrunnen for forslaget og klårgjere korleis endringane vil verke inn på dei måla og resultatkrava som gjeld for SPK. For overslagsløyvingane innan pensjon, forsikring og bustadlån vert det føresett at SPK utfører oppdaterte budsjettberekningar for 2008 i samband med dei ulike budsjettprosessane, dvs. primært RNB og nysaldering.

Forslag til justeringar våren 2008 (RNB) skal sendast FAD innan 28. februar 2008, mens ev. forslag til justeringar hausten 2008 (nysaldering) skal sendast innan 30. september 2008.

1.2 Fullmakter

Økonomiske og administrative fullmakter vert delegerte i samsvar med vedlegg 1.

Romartalsvedtak III Fullmakt til overskriding i St.prp. nr. 1 (2007-2008) gir FAD i 2008 høve til å overskride løyvinga under kap. 2470 Statens Pensjonskasse, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, med inntil 10 mill. kroner mot dekning i reguleringsfondet. Denne fullmakta vert ikkje delegert, dvs. at SPK må fremje søknad til FAD dersom det oppstår trong for å nytte denne fullmakta.

2. MÅL OG RESULTATKRAV

2.1 Mål

Det er eit mål for FAD å leggje til rette for ei brukarorientert, omstillingsdyktig og effektiv forvaltning, som set i verk politiske tiltak og varetek ei open forvaltning og rettstryggleik. SPK spelar ei sentral rolle ved å administrere og tilby bl.a. viktige statlege fellestenester innan pensjons- og forsikringsområdet. SPK skal arbeide for å vere ein moderne og effektiv serviceorganisasjon med kundevennleg profil.

Følgjande mål skal leggjast til grunn for 2008:

- SPK Forvaltningsbedrift skal utbetale korrekt utrekna pensjon og andre ytingar til rett tid.
- SPK Forvaltningsbedrift skal handsame og utbetale ytingar knytte til yrkesskadeforsikring og gruppelivsforsikring innafor dei fristar og i samsvar med dei resultatkrava som blir fastsette.
- Alle søknader om nye lån og refinansiering skal handsamast så snart som mogeleg og innan dei fristar som er sette.
- SPK skal prioritere arbeidet med informasjonsverksemd retta mot den premiebetalande delen av kundemassen, spesielt knytt til utviklinga av økonomien i pensjonsordninga for kvar einskild medlemsverksemd.
- SPK skal prioritere arbeidet med forsikringstekniske berekningar, medrekna at det blir gjennomført årlege forsikringstekniske oppgjer for verksemdene med fiktive fond innan dei sette fristane.
- SPK skal drive målretta informasjon med særleg vekt på rettsinformasjon og dei oppgåvene/pliktene som gjeld medlemene og arbeidsgivarane. Det vert føresett i denne samanhengen at SPK arbeider vidare med utvikling av elektroniske samhandlingssystem og IT-verkty som grunnlag for auka brukarretting av tenestene og effektivisering av drifta.
- SPK Forvaltningsbedrift skal vidareføre arbeidet med utoverretta servicearbeid mot medlemene og yte god service overfor kundane i høve til å vere tilgjengeleg, ha låge restansar og høg brukartrivsel.
- SPK Forvaltningsbedrift skal vidareføre arbeidet med å sikre driftsstabiliteten ved datasystema til kjerneverksemda og med det redusere risikoen for problem i forhold til tenesteproduksjonen.
- SPK Forvaltningsbedrift skal vidareføre og prioritere arbeidet med å betre kvaliteten i medlemsdatabasen. SPK Forvaltningsbedrift skal sørge for at medlemsopplysningane som blir innhenta og lagde i medlemsdatabasen, er av tilfredsstillande kvalitet. SPK Forvaltningsbedrift skal også arbeide vidare med å rette opp feil og manglar i gamle data.
- SPK Forvaltningsbedrift skal drivast effektivt og ha administrative og økonomiske rutinar som er tilpassa SPK sine arbeidsoppgåver og utfordringar, og i tillegg er i samsvar med økonomireglementet og andre regelverk som styrer dette området.
- Bidra til effektive og gode grensesnitt/sambruk av IT-systema i staten.

2.2 Resultatkrav og indikatorar

Med utgangspunkt i løyvingane som vert stilte til disposisjon, delegerede fullmakter og mål og prioriteringar slik dei kjem fram i dette tildelingsbrevet, fastset FAD følgjande resultatkrav i 2008:

2.2.1 Utbetaling av pensjonar

FAD ber om at SPK i 2008 vidarefører arbeidet med å redusere feilutbetalingar av pensjonar. FAD vil understreke verdien av at SPK prioriterer dette arbeidet. Det vert vist til vedlegg 4 med nærare retningsliner for klassifisering av feil m.v.

Kvalitet i utbetalingane

- I. SPK skal kvart tertial i 2008 utføre egne stikkprøvekontrollar med eit representativt utval av utbetalingar av nye pensjonar. Stikkprøvane og analysen av desse skal utførast som ledd i SPK sin internkontroll og blir innarbeidd i den jamlege tertialrapporteringa til FAD.
- II. Av nye pensjonsutbetalingar skal minst 96 % utbetalast riktig ved fyrste utbetaling. FAD føreset at arbeidet med å redusere feilutbetalingar med vesentlege avvik, jf. vedlegg 4, vert prioritert høgt i verksemda.
- III. Dei totale avskrivningane, inklusiv berekna rentekostnader, skal ikkje overstige 0,5 % av dei totale pensjonsutbetalingane.
- IV. Dersom SPK ikkje når kvalitetskrava, skal SPK gjennomføre opprettande tiltak for å verifisere at 96 % av alle nye pensjonar skal vere riktige i 2008. FAD skal informerast i tertialrapporteringa om kva tiltak som er eller vil verte sette i verk.

Utbetaling til rett tid

- I. Alle pensjonar skal utbetalast til rett tid. Resultata skal rapporterast tertialt, og skal først opp i absolutte og relative tal. Det skal også komme fram av rapporteringa ev. kor mange utbetalingar vert gjorde for seint og kva tiltak som vert sette i verk.
- II. Nye alderspensjonar skal i 100 % av tilfella utbetalast frå fyrste månad etter lønnsopphøyr, dersom arbeidsgivar har sendt pensjoneringsmelding og medlemen har søkt om pensjon tre månader før lønn stansar.
- III. Nye uførepensjonar skal i 100 % av tilfella utbetalast frå fyrste månad etter lønnsopphøyr, dersom arbeidsgivar har sendt pensjoneringsmelding, medlemen har søkt om pensjon og legeerklæring ligg føre tre månader før lønn stansar.
- IV. Nye attlevandepensjonar skal i 100 % av tilfella utbetalast seinast tre månader etter den månaden der medlemen/pensjonisten døyr dersom melding om dødsfallet blir meldt SPK i døds månaden.
- V. Renteutbetalingar på grunn av for sein utbetaling av pensjon skal ikkje overstige 1,6 promille av pensjonsutbetalingane. Resultata skal rapporterast tertialt i absolutte og relative tal.

2.2.2 Bustadlån

- I. Alle søknader om nye bustadlån og refinansiering av lån skal handsamast innan ein månad.
- II. Resultata skal for begge typar lån rapporterast tertialt og skal først opp i absolutte og relative tal.

2.2.3 Gruppelivsforsikring

- I. Forsikringssummane under gruppelivsforsikring skal utbetalast innan 7 dagar etter at nødvendig dokumentasjon er motteken.

- II. Resultatet skal rapporterast tertialt og førast opp i absolutte og relative tal. Avvik på grunn av for sein innlevering av nødvendige opplysningar skal inngå som ein del av den eventuelle avviksrapporteringa.

2.2.4 Yrkesskadeforsikring

- I. Minimum 80 % av forsikringssummane skal utbetalast innan fire veker etter at nødvendig dokumentasjon ligg føre.
- II. Resultata skal innarbeidast i tertialrapporteringa til FAD.

2.2.5 Informasjon og service

- I. SPK skal svare på skriftlege spørsmål innan fire veker.
- II. Førebels brev vert sendt til alle der handsamingstida ser ut til å ville overstige fire veker.
- III. Resultatet skal rapporterast tertialt og førast opp i absolutte og relative tal.

2.2.6 Forsikringstekniske oppgjer

- I. SPK skal gjennomføre forsikringsteknisk oppgjer for verksemdene med fiktive fond. Oppgjera pr. 31.12.2007 skal for alle verksemdar gjennomførast innan 1. juni 2008. Kopi av oppgjera, dvs. oversikt over forsikringsteknisk status for verksemdene, skal sendast til FAD.
- II. Forslag til premiesatsar for 2009 skal sendast til FAD så snart dei forsikringstekniske oppgjera er gjennomførte, slik at desse kan leggjast til grunn i budsjettprosessen for budsjettet for 2009.

FAD vil understreke verdien av at SPK legg opp verksemda si slik at krava til mål og resultat vert realiserte.

2.3 Strategiske utfordringar og satsingsområde

2.3.1 Forsikringsteknisk utviklingsarbeid og innføring av nytt premieberekningssystem (SFINX)

SPK skal arbeide for å vedlikehalde og vidareutvikle sitt aktuarielle fagmiljø og sitt aktuarielle system. Ein forventar at prosjektet med innføring av nytt premieberekningssystem er gjennomført i byrjinga av 2008, slik at systemet kan takast i bruk i 2008 m.a. i samband med dei forsikringstekniske oppgjera for verksemdar med fiktive fond. FAD ber om å verte underretta om dette investeringsprosjektet, og den vidare utviklinga både av systeminnføringa og bruken av systemet, i samband med den ordinære perioderapporteringa frå SPK.

Ei vidareutvikling av den forsikringstekniske oppfølginga vil mellom anna byggje på at det ligg føre naudsynte vedtak om til dømes innfasing av hendingsbasert premiefastsetjing, etablering av fiktive fond for fleire verksemdar eller grupper av verksemdar, og framtidig avkastningsmodell. FAD vil i samarbeid med SPK setje i verk eit arbeid med å vurdere korleis det nye premieberekningssystemet kan nyttast på ein best mogleg måte for ulike (grupper av) medlemsverksemdar. FAD påpeikar i samband med aktuelle utviklingspunkt at fleire av desse krev involvering m.a. frå Finansdepartementet.

SPK skal ha ein nøye kontroll og oppfølging av SFINX-innføringa, både relatert til kostnadskontroll og systemtekniske forhold. Departementet syner i denne samanheng også til rapport frå Statskonsult som vart utarbeidd på oppdrag frå FAD hausten 2007.

God forsikringsteknisk kompetanse og gode systemløyisingar vil vere ein føresetnad for at SPK skal kunne utføre oppgåvene på ein god måte og delta i den pensjonsfaglege debatten og utviklinga av pensjonssystemet.

2.3.2 Oppfølging av pensjonsreforma

Det vert vist til St. meld. nr. 12 (2004-2005) Pensjonsreform - tryggleik for pensjonane, og Stortinget si behandling, jf. Innst. S. nr. 195 (2004-2005), og St. meld. nr. 5 (2006-2007). I samsvar med det inngåtte pensjonsforliket, ønskjer eit breitt fleirtal på Stortinget at det blir gjennomført ei nærare utgreiing av fleire forhold knytte til offentlege tenestepensjonar generelt og Statens Pensjonskasse spesielt.

FAD føreset at SPK ved behov hjelper til i det aktuelle utgreiingsarbeidet relatert til pensjonsreforma, særskilt retta mot dei offentlege tenestepensjonsordningane.

Når det gjeld eit ev. utgreiingsarbeid om utviklinga til SPK som verksemd, vil FAD kome nærare tilbake til ev. assistanse frå SPK i eit slikt arbeid.

2.3.3 Investeringsprogramma i SPK

FAD ber om at det vert utarbeidd oppdaterte investeringsbudsjett for perioden 2008-2010, som bl.a. byggjer på ein ny gjennomgang av investeringsbehov og kostnadsramme for dei einiskilde prosjekta. Budsjett for 2008 og 2009, som m.a. viser fordelinga på dei ulike prosjekta, vert føresett sendt FAD innan 1. mai 2008.

Det vert føresett at både prosjektkostnader over driftsbudsjettet og planlagd investeringsramme for aktiverbare investeringar kjem klårt fram for kvart einiskilt budsjettår, slik at budsjetta viser dei samla kostnadene knytte til investeringsprogramma. Det skal rapporterast i forhold til investeringsbudsjettet i tertialrapporteringa.

Departementet syner for 2008 særskilt til dei 24 mill. kronene som vart lagde inn ekstra i investeringsramma på kap. 2470, post 45, i samband med følgjande behov for investeringar:

- Fornyng av teknisk IKT-plattform for pensjonssystemet i SPK. Ei slik fornyng er eit viktig grunnlag for vidareutvikling av systema i samband med pensjonsreforma og NAV sitt pensjonsprogram, og er også ein kritisk faktor for kjerneverksemda i SPK framover.*
- Datautveksling med NAV (tilpassingar til NAV sitt pensjonsprogram). Gjeld naudsynte tilpassingar til pensjonsreforma og pensjonsprogrammet i NAV relatert til m.a. felles utbetalingsløyising og samordning av pensjonar.*

Det vert bedt om ei særskilt rapportering om utviklinga i desse prosjekta (fornyng av plattform og tilpassingar til NAV sitt pensjonsprogram, jf. ovanfor) i samband med den ordinære rapporteringa frå verksemda i 2008.

FAD vil ha særskild merksemd på effektmåling og gevinstberekningar for investeringsprogramma i SPK, jf. Ernst & Young sin rapport framlagd hausten 2002, og FAD ber om at det vert gjort grundig greie for dette i rapporteringa.

2.3.4 Avkastningsmodell for fiktive fond

SPK skal følge opp arbeidet med avkastningsmodellen for det fiktive fondet til dei fristilte medlemsverksemdene, medrekna å sørje for tilstrekkeleg informasjon og rådgiving til verksemdene. SPK har frå 1. januar 2002 også kunna tilby dei fristilte verksemdene ein avkastningsmodell der delar av avkastninga på dei fiktive fonda kan knytast til avkastninga av Statens Petroleumsfond. FAD viser òg til den førebels, avgrensa moglegheita for val av kortare statsobligasjonar ved replassering av fiktive fond og ved etablering av startfond/opningsbalansar, jf. departementet sine brev av 6. desember 2004, 27. januar og 18. august 2005, pluss brev av 31. mai 2006 om auka fleksibilitet ved replassering i korte rentepapir.

FAD syner vidare til arbeidet som er i gang med å vurdere ei endring av avkastningsmodellen, jf. forslag motteke frå SPK. Dette arbeidet vil halde fram ut i 2008, slik at ev. endringar kan innførast med verknad frå 2009.

2.3.5 Rådgivings- og utgreiingsstøtte i samband med revisjonar og vurderingar av lov og avtaleverk som gjeld verksemda til SPK

FAD vil også for 2008 be om støtte frå SPK i samband med tariffoppgjer, lokale forhandlingar og ved endringar av pensjonsreglane. Det er vidare viktig at SPK bereknar utgifter og meirkostnader ved regelendringar i folketrygda eller tenestepensjonsordninga så raskt og effektivt som mogeleg. Dette gjeld både langsiktige og kortsiktige kostnader i tillegg til eventuelle endringar i utrekna kapital (pensjonsgjeld). Det er særleg viktig at kostnadene ved endringar som fører til auka premiar og kapitalbehov blir fremja på så tidleg at dei kan takast med i den statlege budsjettprosessen. Dokument, saker, høyringar m.v. som vert sende SPK til utsegn, må handsamast så raskt som råd og innan dei fastsette fristane.

FAD vil òg for 2008 be om at SPK gir rådgivings- og utgreiingsstøtte i samband med revisjonar og vurderingar av lov og regelverk som gjeld SPK si verksemd.

FAD ønskjer vidare støtte til å berekne konsekvensane av lønns- og grunnsumsreguleringa av pensjonsforhold. SPK skal også avklare og orientere FAD i saker som gjeld forståinga av reglane om yrkesskade i hovudtariffavtalen.

2.3.6 Synleggjering av pensjonskostnader i staten

Departementet syner til utgreiinga 2006/2007 om synleggjering av pensjonskostnader i staten. Det er førebels uklårt kva som vil skje i framtida når det gjeld innføring av premieinnbetaling for statlege forvaltningsorgan. FAD legg likevel opp til å arbeide vidare med auka synleggjering av pensjonskostnader i staten i 2008, først og fremst retta mot å utvikle eit system for distribusjon av føremålstenleg styringsinformasjon for statlege verksemdar. FAD ber om assistanse frå SPK til å utvikle eit slikt system.

2.3.7 Budsjettprosessen 2008-2009

I vedlegg 3 til tildelingsbrevet er det ein økonomistyringskalender som gir ei oversikt over dei ulike innspela som er ønskte frå SPK i samband med budsjettarbeidet i løpet av 2008. FAD vil ved behov kome nærare tilbake til SPK når det gjeld ytterlegare innspel.

FAD føreset vidare at SPK deltek i konsultasjonsgruppa knytt til overslagsløyvingane på SPK sitt område, og utarbeider relevant grunnlagsdokumentasjon til møta i gruppa. Departementet ber i samband med dette om auka aktuardeltaking i desse møta, særskilt vert dette sett som

naudsynt i møte om konsekvensjustering og rammefordeling for 2009. Departementet ser det vidare som ynskjeleg at grunnlagsmaterialet til konsultasjonsgruppemøta framover vert oversendt departementet i samband med budsjettinnspela frå SPK, og departementet syner i denne samanheng også til forslag frå departementet til ei vidareutvikling av dette saks materialet. FAD minner òg om at langtidsbudsjett (2010-2012) skal utarbeidast i samband med innspel til konsekvensjustering og rammefordeling for 2009, og at desse overslaga må oppdaterast jamleg og meldast til departementet i samband med budsjettrundane om det skjer endringar i overslaga for 2008 og 2009.

Departementet vil arbeide for ein utvida og meir informativ omtale av kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse i St. prp. nr. 1 for 2009, og departementet vil kome nærare tilbake til behov for innspel og utrekningar frå SPK i samband med dette.

2.3.8 Vurdering av økonomimodellen for SPK

FAD planlegg å setje i verk eit utgreiingsarbeid i samarbeid med SPK relatert til økonomimodellen for verksemda, dvs. den aktivitetsbaserte prisingsmodellen som vert lagt til grunn for inntektsberekninga i verksemda. Departementet ynskjer mellom anna å prøve å få til ei forenkling av denne modellen.

2.3.9 Oppfølging av merknader frå Riksrevisjonen

FAD legg til grunn at SPK følgjer opp og gjennomfører tiltak i høve til merknader frå Riksrevisjonen. Dette gjeld spesielt forhold som er omtalte i Riksrevisjonens Dokument nr. 1 eller andre dokument, men omfattar også merknader i den årlege vurderinga av rekneskapen og eventuelle merknader elles i dialogen med Riksrevisjonen.

Ein legg til grunn at SPK orienterer FAD om resultat og status i høve til oppfølginga av merknader frå Riksrevisjonen i års- og tertialrapporteringa.

Innkjøp

I Riksrevisjonens Dokument nr. 1 (2005-2006) under avsnittet om det dåverande Moderniseringsdepartementet, heitte det m.a. "Ved revisjon av regnskapene for departementet og dets underliggende virksomheter er det konstatert gjennomgående svakheter knyttet til etterlevelsen av anskaffelsesregelverket". Departementet legg til grunn at SPK i 2008 har kompetanse og i tillegg etablerte rutinar og støttesystem, som sikrar at SPK følgjer regelverket for offentlege innkjøp. Under dette vil ein òg nemne bruk av innkjøpsprotokoll og val av og grunngeving for innkjøpsprosedyre.

2.4 Felles føringar

2.4.1 IKT – området

Ei overordna målsetjing er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigrere ressursar både hos brukarane og hos det offentlege. Kvar einskild verksemd må i arbeidet sitt med tenesteutvikling vurdere korleis IKT kan nyttast i dette arbeidet. Aktuelle e-tenestar skal gjerast tilgjengelege gjennom portalane MiSide (for innbyggjarane) og Altinn (for næringslivet).

Statlege verksemdar skal leggje vekt på universiell utforming gjennom å følgje kvalitetskriteria (WAI) for tilgjengelegheit til nettbaserte tenester. Verksemda skal nytte WAI-kriteria slik dei kjem fram i Noreg.no sine kvalitetskrav til nettstader, ved nyutvikling eller omfattande vidareutvikling av sine eksterne og interne nettstader.

SPK vert særskilt beden om å sikre dataintegritet og konfidensialitet i samband med handsaming av personopplysningar m.m.

2.4.2 Inkluderande arbeidsliv og staten som arbeidsgivar

SPK skal ha fokus på god leiing, organisering og styring. Leiarar skal setje tydelege krav og verdsetje innsats og resultat. Arbeidsforma i verksemda skal vere prega av brukarorientering, openheit, effektivitet, kvalitet og medverknad.

SPK skal arbeide for å utvikle og sikre ein inkluderande og stimulerande personalpolitikk. Personalpolitikken må sikre brei rekruttering, stimulere til kulturelt mangfald og breidd i kompetansen. Verksemda skal òg utarbeide langsiktige planar for korleis kompetansen til dei tilsette skal utviklast. Målretta tiltak skal leggje til rette for ein personalpolitikk som verkar motiverande for dei tilsette og hindrar utstøyting av eldre arbeidstakarar, og i tillegg fører til integrering av personar med nedsett funksjonsevne. Det vert føresett at SPK set i verk nødvendige tiltak med sikte på å nå måla i avtalen om eit inkluderande arbeidsliv.

SPK skal vidare omtale planlagde, og gjennomførte tiltak, samt resultatutviklinga i forhold til eigne måltall i IA-området i sine rapportar knytte til den ordinære etatsstyringsdialogen (minske sjukefråværet, behalde og rekruttere personar med nedsatt funksjonsevne og auke den reelle pensjoneringsalderen). Ei god oppfølging i verksemdene er sær viktig då departementet skal omtale utviklinga innanfor eige departementsområde i St.prp. nr. 1.

2.4.3 Likestilling – aktivitets- og rapporteringsplikta

Aktivitetsplikta

Alle offentlege verksemdar er pålagde å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling både som arbeidsgivar og som myndigheitsutøvar, jf. likestillingslova § 1. Aktivitetsplikta inneber eit pålegg om å vurdere "kjønnsrelevansen" internt i organisasjonen og innafør dei aktuelle fag- og politikkområda med sikte på ei oppsummering av status samt oversikt over planlagde tiltak.

Rapporteringsplikta

Det følgjer vidare av likestillingslova § 1 at verksemdene skal rapportere om "likestillingsstatusen" og føre opp allereie gjennomførte, pågåande og planlagde tiltak. Denne rapporten skal inngå i verksemda sin årsrapport. Rapporten er m.a. eit underlag for den årlege rapporteringa om oppfølginga av likestillingslova si § 1 i budsjettproposisjonen.

2.4.4 Grøn stat – miljøleiing i staten

Regjeringa la sommaren 2007 fram Handlingsplan 2007-2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Planen inneheld ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp der det blir stilt krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper. Den einskilte statlege verksemda må syte for å følgje opp miljøpolitikken og inkludere den i det interne styringssystemet.

Vidareføring av miljøleing (Grøn stat) i statlege verksemder er ein del av handlingsplanen. Miljøleing er eit verkty for å auke medvitet om miljøkonsekvensane av ei verksemd og setje i gang eit systematisk arbeid for å endre verksemda i ei miljøvennleg retning. Det skal gjerast ein årleg revisjon av miljøleingsarbeidet der det vert lagt til rette for kontinuerlege forbetringar. På www.gronnstat.no er det samla rettleingar, verkty og relevante eksempel i samband med innføringa av miljøleing.

Årsrapporten til verksemda skal innehalde følgjande:

- Korleis handlingsplanen er følgd opp i verksemda
- Ein kort rapport om arbeidet med miljøleing i verksemda.

2.4.5 Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemder i 2008 skal setje mål og utarbeide planar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan t.d. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på måloppnåing i årsrapporten. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2008. I årsrapporten for 2008 skal det på denne bakgrunnen rapporterast på:

- Tal (og prosentdel) tilsette (faste og mellombels stillingar) med innvandrarbakgrunn i verksemda den 1.1.2008.
- Kva mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2008.
- Tal og prosentdel tilsette med innvandrarbakgrunn den 1.1.2009.

Definisjon mv.

Personar med innvandrarbakgrunn (som det skal rapporterast på) er definerte som personar:

- med to utanlandskfødde foreldre som er innvandra til Noreg
- som er fødde i Noreg med to foreldre som er fødde i utlandet

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) www.imdi.no gir råd og rettleing til statlege verksemder i arbeidet med å rekruttere fleire innvandrarak. Verksemdene kan ta kontakt med IMDi for råd og rettleing i arbeidet, bl.a. for ferdig utarbeidd skjema for å kartleggje talet på tilsette med innvandrarbakgrunn.

2.4.6 Brukarundersøkingar

SPK skal gjennomføre regelmessige, systematiske brukarundersøkingar. Desse skal som hovudregel verte gjorde offentleg tilgjengelege. Verksemda vurderer sjølv kor ofte det er formålstenleg å gjennomføre slike undersøkingar. Utforminga skal byggje på lokale vurderingar. Plan for gjennomføring og resultat vert rapportert i årsrapporten.

2.5 Administrative og økonomiske krav

2.5.1 Økonomistyring m.m.

SPK har som forvaltningsbedrift unnatak frå visse sentrale føresegner i løyvingreglementet:

- Unnatak frå heilskapsprinsippet i § 4 ved at driftsutgiftene vert nettobudsjeterte.
- Unnatak frå kontantprinsippet i § 6 ved at investeringane vert aktiverte.

FAD legg til grunn at SPK sine administrative og økonomiske rutinar vert vidareutvikla og organiserte slik at dei til kvar tid er tilpassa arbeidsoppgåvene og utfordringane i SPK, og er i

samsvar med økonomireglementet og andre regelverk som styrer dette området. Revidert instruks for økonomiforvaltninga i Statens Pensjonskasse trådte i kraft med verknad frå desember 2004.

Økonomiforvaltninga i SPK skal følgje økonomiregelverket og Finansdepartementet sine "Bestemmelser om statleg økonomistyring", med dei tillegg/presiseringar som går fram av føresegnene i hovudinstruksen. FAD ventar at SPK gir arbeidet med å følgje opp økonomireglementet og hovudinstruks høg prioritet også i 2008. Vidare rår ein SPK å følgje med på Finansdepartementets heimeside, både i forhold til statleg økonomistyring og rundskriv generelt for å få tilgang til ny informasjon så raskt som mogeleg.

2.5.2 Risikostyring og intern kontroll

Ei god mål- og resultatstyring føreset at verksemdsleiinga kjenner og aktivt handterer dei utfordringar eller uvisse som kan påverke måloppnåinga negativt.

Økonomiregelverket krev at alle verksemder skal etablere intern kontroll tilpassa risiko og prioritet, jf. pkt. 2.4 i føresegnene til Reglementet for økonomistyring i staten.

Krava føreset at den interne kontrollen skal vere innebygd i den interne styringa av verksemda, og føremålet er å gjere det lettare å oppnå oppsette mål ved at risikoar vert identifiserte og at risikoreduserande tiltak vert gjennomførte. Dei målkategoriar som verksemda skal oppfylle er:

- mål og resultatkrav i tildelingsbrevet
- påliteleg rekneskapsrapportering og økonomiforvaltning
- ivaretaking av tryggleik og beredskap
- overhalding av lover og reglar

Departementet strekar under at det er verksemdsleiaren sitt ansvar å sjå til at den interne kontrollen er tilpassa risiko og prioritet, omfattar strekpunkta ovanfor og at den fungerer på ein tilfredsstillande måte.

Departementet føreset at verksemda gjer risikovurderingar i alle viktige styringsprosessar. Vesentlege endringar i risikobiletet må meldast til departementet i den etablerte styringsdialogen, som i etatsstyringsmøte og resultatrapportar. Større endringar i risikobiletet, som inneber problem med å oppnå måla, skal rapporterast til departementet omgåande. Ein peiker på at tiltaka som etaten set i verk for å redusere risiko, skal gjennomførast innanfor tildelte budsjetttrammer.

2.5.3 Driftsresultatkrav 2008, kap. 2470, post 24

Driftsresultatet for SPK i 2008 er fastsett til 18,896 mill. kroner. Reduksjonen av driftsresultatkravet frå 2007 skuldast først og fremst ei budsjetteknisk justering som følgje av høgare avskrivningar.

I høve til rekneskapan kan det setjast av midlar til reguleringsfondet dersom SPK oppnår eit driftsresultat som overskrider dette kravet. Reguleringsfondet kan nyttast til å dekkje svingingar i økonomien til verksemda mellom ulike år, og til å dekkje effektane av lønnsoppgjer, pluss uventa utgifter i det einskilde budsjettåret. Fondet er ein del av eigenkapitalen til verksemda.

2.5.4 Pensjonsordninga for apoteketaten

SPK skal vidareføre forvaltaroppgåva si i forhold til Pensjonsordninga for apoteketaten i tråd med gjeldande regelverk.

3. RAPPORTERING I 2008

3.1 Utarbeiding av årsrapport for 2008

Årsrapporten for 2008 skal utarbeidast som eit eige dokument og skal sendast FAD i åtte eksemplar, samt i elektronisk form. Frist for oversending av årsrapporten for 2008 vil bli gitt i årleg rundskriv om innrapportering til den sentrale statsrekneskapen.

FAD ber om at det i årsrapporten for 2008 blir lagt vekt på følgjande:

- I kva grad verksemda har nådd måla i samsvar med dei mål og resultatkrav som er sette i St.prp. nr. 1 (2007-2008), tildelingsbrevet for 2008, og andre relevante dokument. For dei resultatindikatorane der det gir meining, bør det etablerast tidsseriar med tilstanden pr. 31. desember minst to år tilbake i tid.
- Rekneskaps- og budsjettrapport.

3.2 Rapportering i 2008 (tertialrapportering)

3.2.1 Økonomirapportering

SPK skal leggje fram tertialrapportar over budsjett, rekneskap og forventa forbruk. Det blir understreka at avvik over 5 % skal kommenterast, og nødvendige tiltak skal gjerast greie for. Tiltak for å overhalde rammene skal gjennomførast ubede. Når det gjeld avvik på kap. 1542, skal SPK gjere greie for ikkje-uvesentlege avvik knytte til sentrale element som pensjonsutbetalingar og premieinntekter.

3.2.2 Rapportering i forhold til resultatkrav og andre føringar

SPK skal rapportere i kva grad måla er nådd i høve til dei mål og resultatkrav som er sette i tildelingsbrevet. Dersom SPK i løpet av året finn at det vil oppstå vesentlege avvik i forhold til resultatkrava og andre føringar, jf. pkt. 2.2-2.5 ovanfor, skal det orienterast særskilt om dette i den jamlege økonomirapporteringa. Det skal òg orienterast om kva tiltak som vil bli gjennomførte.

SPK skal kvart tertial leggje fram ein statistikk over den produksjon som er gjennomført i etaten i perioden. Det skal leggjast vekt på å få fram dei reelle aktivitetsnivåa på alle viktige område.

I tertialrapporteringa skal det rapporterast om utviklinga i SPK sine investeringsprogram, både i forhold til budsjett og fastsette rapporteringsparametrar, jf. pkt. 2.3.3 ovanfor. SPK skal vidare i tertialrapporteringa klargjere for status i forhold til ev. merknader frå Riksrevisjonen, jf. pkt. 2.3.9 ovanfor.

Fristar for tertialrapporteringa i 2008:

- Rapport pr. 1. tertial: frist til FAD 02.06.2008
- Rapport pr. 2. tertial: frist til FAD 03.10.2008

FAD ber om at tertialrapportane vert sende i åtte eksemplar.

3.3 Styringsdialogen i 2008

FAD legg vekt på å utvikle styringsdialogen mellom leiinga i SPK og departementet. Det vert planlagt tre etatstyringsmøte i løpet av 2008.

Møtetidspunkt for etatstyringsmøta:

- Fyrste møtetidspunkt: mars. På møtet vert m.a. årsrapporten for 2007 drøfta (med frist for årsrapport til FAD 15.02.2008)
- Andre møtetidspunkt: juni. På møtet vert m.a. 1. tertialrapport drøfta.
- Tredje møtetidspunkt: november. På møtet vert m.a. 2. tertialrapport drøfta.

Også tema innanfor strategi og budsjettarbeid vil verte tekne opp på etatstyringsmøta.

3.4 Plan for verksemda i 2008

FAD ber om å få planen for verksemda i 2008 send til orientering innan 1. mai 2008.

3.5 Rapportering om Pensjonsordninga for apoteketaten

FAD ber om at SPK sender all rapportering til styret, medrekna den kvartalsvise verdipapirrapporten og referat frå styremøte.

3.6 Jamleg rapportering til statsrekneskapen

Jamleg rapportering til statsrekneskapen skal skje i samsvar med rundskriv R-10/2006 frå Finansdepartementet.

4. AVSLUTNING

Økonomiforvaltninga i Statens Pensjonskasse i 2008 skal vere i samsvar med instruks fastsett av departementet 16.12.2004.

I tråd med krav i § 7 i Reglementet for økonomistyring i staten, i tillegg til føringar gitte i dette tildelingsbrevet, vert løyvingane på kapitla 1541, 1542, 1543, 1544, 1546, 1547, 2470, 4546, 4547, 5470 og 5607 stilte til disposisjon for Statens Pensjonskasse i 2008.

Med helsing

Heidi Grande Røys
Statsråd

Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter for 2008
2. Einingsprisar på tenester fastsette av FAD for 2008
3. Økonomistyringskalender 2008
4. Tillegg til resultatkrav og indikatorar – utbetaling av pensjonar.

Kopi m/vedlegg: Riksrevisjonen.